

Til medlemmer av Byggopp

Førde, 08.08.2019

LØN OG OVERTIDSORDNING FOR LÆRLINGAR 2019-2020 ENDRINGAR ETTER MELLOMOPPGJØR, GJELDANDE FRÅ 1.APRIL 2019

LØNN FOR LÆRLINGAR

Timelønn for utrekning av prosentsatsen som lærlingen skal lønast etter er pr. 01.04.2019 på kr. 209.70. Satsen er henta frå Fellesoverenskomsten for byggfag.

Lærlingane skal avlønast etter bedriftas lønnssystem. Grunnlag for berekning av lønna er nyutdanna fagarbeidarlønn innanfor lærlingens fagområde i bedrifta.

Bedrifter som lønner nyutdanna fagarbeidara over kr. 209.70 vert anbefalt av styret i Byggopp Sogn og Fjordane, å bruke den satsen som timegrunnlag for lærlingen si løn.

Lønnstabell for lærlingar med 2 år (2,5 år) i bedrift

Tidsrom	Timegrunnlag	Prosentsats	Timelønn
1. halvår	kr 209,70	30 %	kr 62,91
2. halvår	kr 209,70	40 %	kr 83,88
3. halvår	kr 209,70	55 %	kr 115,34
4. halvår	kr 209,70	75 %	kr 157,28
5. halvår*	kr 209,70	80 %	kr 167,76

*Gjeld rørleggjarlærlingar (dei har 2,5 års læretid)

Bedrifta held lærlingen med nødvendig og godt verktøy. Skjøtsel av maskiner, verktøy materiell og utstyr vert ivaretatt av lærlingen.

For lærlingar som i henhold til læreplanen skal ha teoriopplæring utover vg2, skal bedrifta dekke lønn og kostnader for denne teoriopplæringa.

Arbeidsgivar dekkjer lønn og utgifter til avlegging av prøve.

Arbeidsgivar dekkjer lønn ved den teoretiske delen av fagprøva.



Lønnstabell for lærlingar med 3 år i bedrift

Tidsrom	Timegrunnlag	Prosentstatts	Timelønn
1. halvår	kr 209,70	30 %	kr 62,91
2. halvår	kr 209,70	35 %	kr 73,40
3. halvår	kr 209,70	40 %	kr 83,88
4. halvår	kr 209,70	45 %	kr 94,37
5. halvår	kr 209,70	55 %	kr 115,34
6. halvår	kr 209,70	75 %	kr 157,28
7. halvår*	kr 209,70	80 %	kr 167,76

*Gjeld rørleggjarlærlingar (dei har 3,5 års læretid)

Lærlingar med avvikande kontraktvilkår

Lærlingar med minst 10 månaders arbeidserfaring som tilsett i heiltids stilling og som ikkje er tilsett i bedrift frå før og som inngår lærekontrakt etter forskrift i Opplæringslova § 11-12, 2. ledd, skal lønnast etter følgande prosentkala;

1. halvår	2. halvår	3. halvår	4. halvår	5. halvår	6. halvår	7. halvår	8. halvår	9. halvår*
45 %	45 %	55 %	60 %	70 %	80 %	80 %	80 %	85 %

*Gjeld lærlingar i rørleggjarfaget (dei har 4,5 år læretid)

Når ein inngår lærekontrakt med arbeidstakar som er tilsett i bedrifta frå før som ufaglært/hjelppearbeidar/spesialarbeidar, skal lærlingen framleis lønnast som hjelppearbeidar. Det føreset også at arbeidstakaren ikkje kan framstille seg til prøve etter opplæringslova § 3-5 om allsidig praksis i faget.

Lærlingar med full opplæring i bedrift

Lærlingar med full opplæring i bedrift blir lønna etter følgande prosentkala:

1. halvår	2. halvår	3. halvår	4. halvår	5. halvår	6. halvår	7. halvår	8. halvår	9. halvår*
30 %	30 %	40 %	40 %	50 %	55 %	55 %	75 %	80 %

*Gjeld lærlingar i rørleggjarfaget (dei har 4,5 år i bedrift)

Bedrifta dekkjer utgiftene til læremateriell ved teoriopplæring.

OVERTIDSLØNN FOR LÆRLINGAR

Lærlingar som blir pålagt overtidsarbeid skal lønnast som ufaglært arbeidstakar. Det er eit resultat av lønnooppgjør mellom LO/NHO i 2008. LO fikk gjennomslag for at overtidsarbeid ligg under lærekontrakta. Det betyr at lærlingar ved overtidsarbeid må lønnast etter overeinskomstens reglar for ufaglært, dvs. arbeidstakara utan fag eller sveinebrev. Ny bestemming i Fellesovereinskomsten har følgjande ordlyd:



§ 3-1 Generelt for all kategoriar lærlingar og læreandidatar

Overtidsgodtgjøring

Ved overtidsarbeid skal lærlingane minst lønnast som øvre ufaglærte i bedrifta.

Grunnlaget for berekning av overtidsgodtgjørse er satsen i § 2-8 –

Overtidsgodtgjørse. Ved akkordarbeid, sjå § 4-10 nr. 2

Dersom bedrifta har eigen lønnsats for ufaglærte i sitt lønssystem, så er det denne satsen som skal nyttast. Dersom bedrifta ikkje har slik lønnsats, må minstelønnsatsane i overeinskomsten brukast. Frå 1. april 2019 er satsen kr. 188,40 og kr. 196,50 (meir enn 1 år praksis i faget). Matpengar ved overtid kr. 86,50.

Grunnlaget for berekning av overtidstillegget på 50% eller 100% er satsen i fellesovereinskomsten på kr. 268,60. Ved eventuell overtid ved akkordarbeid fastsette sandel av akkorden på same måte som for ufaglært.

Eksempel på overtidslønn for timelønna:

Bedriftas lønn til ufaglært kr. 188,40 pr. time

+ overtidstillegg kr. 268,60 x 50% kr. 134,30 pr. time

= Betaling for overtid til lærling kr. 322,70 pr. time

For overtidsarbeid etter kl. 21.00 betalast fullt overtidstillegg på kr. 268,60.

I eksempelet over blir samla overtidsbetaling til lærlingen etter kl. 21.00, kr. 457,00 pr. time.

REISE- OG GANGTIDSSATSAR – Satsane gjeld frå vedtakstidspunktet 30.april 2019

§ 7-2 Kor nattopphald ikkje er nødvendig:

- Når arbeidstakar sjølv køyrer

- Mellom 7,5 til 15 km. kr. 101,40
- Mellom 15 til 30 km. kr. 168,00
- Mellom 30 til 45 km. kr. 197,30
- Mellom 45 til 60 km. kr. 225,80
- Mellom 60 til 75 km. kr. 256,10

Lærlingen for dekkja 85% av desse satsane.

- Når arbeidsgjevar ordnar transport

- For avstand frå 7,5 til 15 km kr. 60,40
- For avstand frå 15 til 30 km kr. 101,05
- For avstand frå 30 til 45 km kr. 120,80
- For avstand frå 45 til 60 km kr. 140,97
- For avstand frå 60 til 75 km kr. 161,96

Lærlingen for dekkja 70% av desse satsane.

Særbestemmelse for røyrleggarar, reise og gangtid inntil 1,5 t pr. dag. Sats kr. 78,00 for lærlingar.



VERKTØYGODGJØRELSE

Gjeld for tømrar, betong, murar og anlegglærlingar.

Lærling som sjølv held tilstrekkeleg handverktøy som kan kontrollerast av arbeidgivar, skal ha følgjande godtgjørsle:

- Betong og tømrar kr. 1,70 pr. time
- Murar kr. 1,20 pr. time

Dersom bedrifta held handverktøy har arbeidstakar ikkje rett til godtgjørsle.

NB! Viktig at lærlingen har og lærar seg å bruke verktøyet då dette skal kontrollerast på fag-/sveineprøve.

FAG-/SVEINEPRØVE – LØNN I PERIODEN

Fram til avlagt fag-/sveineprøve skal lærlingen være sikra arbeid og lønn som i sitt siste lærehalvår.

Dersom det går meir en to månader frå læretidas utløp til prøven blir avlagt, og lærlingen ikkje er skyld i dette, skal lærlingen etterbetalast differansen mellom utbetalt lønn og gjeldande fagarbeidarlønn i bedrifta, for tida over 2 månader.

Læretida avsluttast ved avlegging av førstegangs fag-/sveineprøve.

Ved ikkje bestått prøve kjem Forskrift til Opplæringslova § 4-56 i bruk.

Dersom ein avtalar frivillig forlenging i henhold til § 4-56, nyttast siste halvårs lønnsatts.

ARBEIDSAVTALE

Etter Opplæringslova § 4-2 skal bedrifta der lærlingen er arbeidstakar også skrive arbeidsavtale med lærlingen (i tillegg til lærekontrakt). Kopi av denne skal sendast Byggopp linda@byggopp.no som snart den er signert av begge partar.

Om læretida vert forlenga, må også arbeidsavtalen forlengast og dokumenterast.

Byggopp Sogn & Fjordane

Linda D. Hauge

Adm. Sekretær

Tlf. 95 94 04 85

Mail: linda@byggopp.no